



**Møre og Romsdal
Arbeiderparti**



Tryggheit i fellesskap.

For eit inkluderande og framtidsretta Møre og Romsdal


Partiprogram for Møre og Romsdal Arbeiderparti

Vedtatt av representantskapet i Møre og Romsdal Arbeiderparti.

12. november 2022.

Innhald

Innhald.....	3
Trygg styring, sterkare fellesskap.....	5
Skape arbeidsplassar og eit seriøst arbeidsliv	6
Klima og natur - ramma rundt all politikk	8
God helse og livskvalitet for alle	9
Ei god utdanning varar heile livet	10
Levande byar og bygder	12
Trygg og funksjonell transport	14



Trygg styring, sterkare fellesskap.

Arbeiderpartiets visjon er ei rettferdig verd utan fattigdom, i fred og i økologisk balanse. Der menneske er frie og likestilte og kan påverke sine livsvilkår. Alle menneske er unike, uerstattelege og er like mykje verdt. Kvar og ein av oss skal ha sjansen til å realisere våre draumar om eit godt liv. Ikkje nokon få. Ikkje fleirtalet, men alle. Vi får til meir saman enn kvar for oss. Utviklinga av Noreg, frå eit fattig samfunn til eit rikt land, handlar mest av alt om eit sterkt fellesskap.


Koronakrisen har nok ein gang vist oss verdien av fellesskapet vårt, ei sterk offentlig helseteneste og eit organisert arbeidsliv. Høg tillit og sterk solidaritet mellom menneske er Noreg på sitt aller beste.

Over tiår har vi bygd opp ein sosialdemokratisk samfunnsmodell i Norge tufta på fridom, likskap og solidaritet. Den må vi forsvare og bygge vidare på. Berre slik kan vi møte dei store oppgåvene som ventar oss.

Møre og Romsdal har same utfordringa med befolkninga som dei andre distriktsfylka. For å snu negativ folketalsvekst og eit elevtal som går ned, må vi jobbe for at fylket er ein attraktivt stad å leve og busette seg. For å lukkas med dette må vi utvikle heile fylket. Både regionsentera og kommunane rundt. Møre og Romsdal Arbeiderparti meiner at fylkeskommunen er sterk nok til å løyse fleire regionale oppgåver sjølv.

Møre og Romsdal Arbeiderparti vil fortsette å jobbe for ein berekraftig fylkeskommunal økonomi slik at vi kan løyse dei store oppgåvene som står framfor oss.

Arbeiderpartiets verdiar skal vise seg i all vår politikk og konkrete handlingar.



Skape arbeidsplassar og eit seriøst arbeidsliv

Trygg jobb og det å ha ei løn det går an å leve av, er avgjerande for å oppleve tryggleik. Møre og Romsdal Arbeiderparti vil skape fleire jobbar, inkludere fleire som har felle utanfor og prioritere å få unge inn i aktivitet, utdanning og arbeid. Vi vil samarbeide om kompetanseheving i næringslivet gjennom bransjeprogram for etter- og vidareutdanning. Kompetansepåfyll skal være tilgjengeleg uavhengig av kvar i landet du bur. Det er viktig for at kommunar og næringsliv skal ha tilgang til kompetent arbeidskraft.

Arbeiderpartiet vil at fylkeskommunen skal legge til rette for næringsutvikling slik vi for eksempel har gjort med Skaparkraft-prosjektet som har løfta Møre og Romsdal som grønt eksportfylke.

Arbeiderparti-styrte fylkeskommunar skal være gode arbeidsgivarar som involverer dei tilsette i viktige prosesser og tek i var dei tilsette sine rettar. Fylkeskommunen skal samarbeide tett med arbeidstakarane og næringslivet sine organisasjonar for å sikre eit trygt og seriøst arbeidsliv i heile fylket. Vi vil ta initiativ til å utvikle ein handlingsplan i samarbeid med fagrørsla og NHO.

Arbeiderpartiet skal sørge for fleire heile og faste stillingar i fylkeskommunen. Dette er eit grunnleggjande likestillingsspørsmål fordi utfordringa gjeld fleire kvinner enn menn. Mange av arbeidsplassane i Møre og Romsdal er mannsdominerte yrke. Dette bidreg til at færre kvinner enn menn flyttar heim etter studietida. Vi må lukkas med å utvikle ein meir mangfaldig arbeidsmarknad og å gjere det meir attraktivt for kvinner å velje mannsdominerte yrker.

Det grøne skiftet opnar høve for Møre og Romsdal. Vi har fortrinn blant anna innan maritim industri, sjømat, hydrogen, kraftforedlande industri og turisme. Disse moglegheitene skal vi utnytte. Delar av fylket nord for Romsdalsfjorden manglar kapasitet i straumnett som set grenser for næringsutvikling. Det må vi gjere noko med. I andre delar av fylket er kapasiteten i straumnett svært god, og må utnyttast til ny industri. Fylkeskommunen skal bidra med ny kraftproduksjon. Derfor vurderer vi no å sette opp solcellepanel i vindmølleparken på Smøla.

Netthandel konkurrerer med vanlege butikkar. Møre og Romsdal Arbeiderparti vil bidra til å utvikle handelssentera i fylket.

Møre og Romsdal er eit betydeleg jordbruksfylke. Heile fylket må utnyttast, og det må leggjast til rette for best mogleg geografisk produksjonsfordeling. Eit landbruk med både store og små bruk gjer oss best i stand til å produsere maten på ein berekraftig måte.

Møre og Romsdal Arbeiderparti vil:

- drive fylkeskommunen sine tenester i eigen regi heller enn å privatisere. Reversere konkurranseutsetting av oppgåver, for eksempel innan kollektivtransport, reinhald og drift av skulekantiner.
- Sørge for god involvering av tilsette i alle viktige prosessar.
- Vidareføre stillinga koordinator for seriøst arbeidsliv og følge opp fylkesstrategi for eit seriøst arbeidsliv i Møre og Romsdal
- Styrke arbeidsplassen som læringsarena med tilbod om etter- og vidareutdanning og gjer det mogleg å ta fagbrev på jobb.
- Gi fleire menneske høve til å få jobb, også sommarjobb, lære-, og praksisplassar.
- Jobbe for heiltidskultur og i større grad utlyse hele, faste stillingar.
- Jobbe for at fleire statlege arbeidsplassar vert flytta til Møre og Romsdal, og behalde dei vi har.
- Legge til rette for produksjon av jordbruksvarer med sikte på auka sjølvforsyning gjennom å vidareføre den norske landbruksmodellen.
- Føre ein aktiv næringspolitikk der vi spelar på lag med eksisterande og næringar som veks fram, utnyttar nasjonalt verkemiddelapparat og vidareutviklar Noreg sitt grøne eksportfylke nummer ein.
- Legge press på Statnett for å sikre tilhøva for krafttilgang nord for Romsdalsfjorden.
- Utvikle ein strategi for å tiltrekke ny kraftforedlande industri i Møre og Romsdal.
- Jobbe for framleis konkurransedyktige kraftprisar i Møre og Romsdal.
- Bygge ut nye kraftverk der det er lokal støtte til det.
- Gjere tilgang til internett med høg kapasitet til ein rett på lik linje med straum.
- Bidra til at det vert utvikla prosjekt innan hydrogen i Møre og Romsdal.
- Bruke kysten vår på ein berekraftig måte som legg grunnlag for matproduksjon, arbeidsplassar og gode lokalsamfunn
- Jobbe for å bygge ned tradisjonelle skilje mellom kvinnearbeidsplassar og mannsarbeidsplassar.

Klima og natur - ramma rundt all politikk

Å avgrense dei negative klimaendringane og utvikle miljøvennlege samfunn er vår tid si største utfordring. For Arbeiderpartiet er natur og klima ramma rundt all politikk. Vi vil ha ein rettferdig klimapolitikk som kuttar utslepp og skapar jobbar. Klima- og miljøproblem er ikkje noko som skal verte løyst av andre til ei annan tid. Dei må gjerast noko med i vår tid. Vi må både bremse klimaendringane, ha gode planar for klimatilpassing og verne om verdifull natur.

Ei fylkeskommune som vert styrt av Arbeiderpartiet skal kutte utslepp i eiga verksemd og bidra til kutt i samarbeid med næringsliv og samfunnsliv. Utvikling av ny miljøteknologi er svært viktig dersom vi skal lukkast med å redusere klimautsleppa.

Vi må sikre vekst og velferd i framtida utan å øydelegge naturen. Naturen er sjølve grunnlaget for velferda vår: I Norge har vi skapt vekst og arbeidsplassar gjennom olje, fisk, skog og godt jordsmonn, og menneske frå heile verda brukar naturen til å hente ut mat og medisin og for å få tilgang til reint vann og rein luft. Møre og Romsdal er i ein veldig god posisjon til å skape arbeidsplassar av klimakrisa.

Møre og Romsdal Arbeiderparti vil

- Vidareutvikle arbeidet med klimabudsjett og -rekneskap med konkrete mål om utsleppskutt i tråd med Paris-avtalen.
- Prioritere teknologi for null- og lågt utslepp i fylkeskommunens kollektivtilbod på buss, hurtigbåt og ferje, samt å arbeide for at Staten finansierer meirkostnadane.
- Bruke fylkeskommunen si innkjøpsmakt for å nå miljø- og klimamål, blant anna gjennom å vektlegge klima og miljø i anbudsprosessar og i inngåing av kontraktar. Klima- og miljøsinn skal verte vekta med minst 30 prosent i offentlege anskaffing og høgare der det er relevant.
- Stille krav til at eigne og leigde bygg skal vere energieffektive.
- Styrke arbeidet for sirkulær økonomi ved mellom anna å prioritere reparasjon og oppgradering av bygg, halvere matsvinn, legge til rette for gjenbruk og utlåns- og låneordningar lokalt
- At fylkeskommunen si verksemdar skal minimere bruk av plast og ha som mål å bli plastfri
- Flytte meir av godstrafikken frå veg til sjø og jernbane.
- Stimulere til omstilling i skipstrafikken til å ta i bruk teknologi for null- og lågt utslepp.
- Være ein pådrivar for å nå målet om grøn cruisetrafikk med nullutslepp i fjordane våre
- At hamnene i fylket skal ha ein grøn og miljøvennleg profil.
- Redusere maritim forsøpling og forureining.
- Støtte kommunar og bedrifter i arbeidet med opprydding av miljøgifter.
- At staten medverkar sterkt i finansieringa av opprydding etter gamal miljøforureining ved skipsverfta.

God helse og livskvalitet for alle

God helse og livskvalitet er viktig i alle livet sine fasar. Ei felles offentlig helseteneste, drevet av fellesskapet og finansiert over skattesetelen, er det beste forsvaret mot auka ulikskapar. Difor seier vi ja til å verne om våre felles helse- og omsorgstenester, og nei til kommersialisering og oppsplitting av ansvar.

Vi må sørge for at alle samfunnssektorar er med på å førebygge og investere i god folkehelse. Eit godt folkehelsearbeid kan motverke framvekst av kroniske sjukdomar i befolkninga. Førebyggjande helsearbeid kan også hindre at menneske vert ståande utanfor arbeidslivet.

Å utjamne økonomiske og sosiale ulikskapar vil i seg sjølv fremme den norske folkehelsa.

God tannhelse krev eit stadig meir spesialisert tilbod. Arbeiderpartiet er opptatt av at vi skal halde fram å bygge opp egne kompetanseklinikkar og prøve ut ny teknologi i Møre og Romsdal. Ei stadig aukande pasientgruppe krev at vi held fram med å ha ein desentralisert tannklinikkstruktur.

18% av befolkninga lev med funksjonshemning. At menneske med ekstra behov for tilrettelegging skal ta del i samfunnet som alle andre, er ei sjølvfølge for Arbeiderpartiet. Vi vil legge FN sin konvensjon for menneske med nedsett funksjonsevne til grunn for vårt arbeid.

Møre og Romsdal Arbeiderparti vil:

- Få på plass konkrete folkehelseiltak for å utjamne sosiale helseforskjellar, som tilgang på sunne skulemåltid og fysisk aktivitet i skulen.
- Arbeide for at tannhelsetenesta vert likestilt med andre helsetenester, slik at personleg økonomi ikkje skal vere avgjerande for at du har råd til å gå til tannlege.
- Gradvis utvide den offentlege tannhelsetenesta gjennom eit desentralisert tannhelsetilbod nært folk. Kompetanseklinikkar må verte bygde i alle regionar, og mobile modular og ambulerande tenester bør verte tekne i bruk.
- I samarbeid med det frivillige bidra til aldersvennleg samfunn og god psykisk helse for eldre gjennom fleire kulturelle, sosiale og fysiske aktivitetar og møteplassar for eldre.
- Vurdere folkehelsekonsekvensar i alle samfunnssektorar.
- Sikre allmenn tilgang til fjell, fjord og sjø til utøving av jakt, fiske og friluftsliv.
- Støtte kommunar, lag- og organisasjonar som stimulerer til fysisk aktivitet og friluftsliv.
- Styrke samarbeidet med friluftsråda i fylket.
- Med utgangspunkt i FNs konvensjon for menneske med nedsett funksjonsevne jobbe for universell utforming og likestilling for folk med behov for tilrettelegging.

Ei god utdanning varar heile livet

Utdanning er blant dei viktigaste verkemidla for sosial og økonomisk utjamning, og eit viktig bidrag til å kunne leve gode liv. Derfor er lik rett til utdanning eit bærande prinsipp for Arbeiderpartiet. Vi har høge ambisjonar for den offentlege fellesskulen.

Arbeidarpartiet vil ha ein god, offentlig fellesskule der alle elevar får utvikle sine evner. For fylkeskommunen er det særleg viktig med ein aktiv innsats for at flest mogleg gjennomfører vidaregåande utdanning. Vi skal gjennomføre eit løft for yrkesfaga, sørge for god undervisningskvalitet og gode forhold for våre lærarar.

Møre og Romsdal er eit industrifylke med store behov og stolte tradisjonar knyt til yrkesfaga. Arbeidarpartiet skal være den fremste forkjemparen for yrkesfaga, både når det gjeld å styrke opplæringa og å sikre læreplassar. Undervisning og opplæring skal vere mest mogleg praksisretta. Arbeiderpartiet vil satse på sterke, framtidsretta yrkesfag som kan sikre næringslivet sitt behov.

Fylket har gode fortrinn for å vere leiande på utvalde områder, som maritim og marine næringar, prosessindustri, petroleumsteknologi og reiseliv. Dette føreset ein sterk vidaregåande skule som gir ungdommen rett kompetanse, og der det vert etablert gode samspel med næringsliv, universitet, høgskular og forskingsmiljø. Samarbeid med lokalt næringsliv og kompetansemiljø er av stor betydning for dei vidaregåandeskulane og fagskulane. Dette samarbeidet bør dyrkast og vidareutviklast.

Det er ein klar samanheng mellom utdanning, yrkesval og val av bustad. Dei som utdannar seg i Møre og Romsdal vel i langt større grad å busette seg i fylket, samanlikna med dei som tek utdanning si andre stadar. Det er derfor viktig at fylket sitt utdanningstilbod opplevast attraktivt. Møre og Romsdal Arbeidarparti vil arbeide for eit sterkt utdanningstilbod og halde fram med å bygge sterke kunnskapsmiljø. Skal vi lukkast med dette så må høgare utdanningstilbod og forskingsmiljø verte styrka. Fylket sine fire miljø innan høgare utdanning - Ålesund, Molde, Volda og Kristiansund - må få fleire studieplassar. Fylket skal ha ei aktiv rolle i utviklinga av tilbodet innan høgare utdanning.

Møre og Romsdal Arbeidarparti vil:

- Styrke laget rundt elevane og bygge eit trygt og godt læringsmiljø, slik at fleire meistarar og fullfører skuleløpet.
- At fylkeskommunen, i samarbeid med kommunane, kraftig styrkar helsesjukepleiartilbodet. Målet er å ha helsesjukepleiar til stades dagleg på kvar skule.
- at skulekantinene tilbyr sunn, god og rimeleg mat.
- sikre at naudsynte sanitærprodukt for jenter er tilgjengeleg på toaletta i dei vidaregåande skulane.

- vere ein pådrivar for å få NAV-rettleiarar ved alle vidaregåande skular for å førebygge fråfall og integrere ungdom i arbeidslivet.
- sørge for at det er sosialpedagogisk kompetanse i tilknytning til dei vidaregåande skulane og oppfølgingstenesta (OT-tenesta).
- Arbeide for at alle vidaregåande skular skal ha Vip-makkerskap (praktisk verktøy for psykososialt arbeid) eller liknande modellar for å motverke einsemd og fråfall i den vidaregåande skulen.
- At fagskulane skal bidra til å utdanne høgare yrkesfagleg kompetanse slik næringslivet etterspør. , samt arbeide for at staten fullfinansierer fagskulane.
- ein forpliktande handlingsplan i samarbeid mellom fylkeskommunen, næringslivet og kommunane for å kunne innføre ein læreplassgaranti.
- Sikre at alle vidaregåande skular er tilknytte opplæringskontor og slik sikre lik opplæring og oppfølging.
- At det vert utarbeida ein heilskapleg strategi for auka gjennomføring, som inkluderer tiltak for at alle elever som tek yrkesfagleg utdanning får tatt fagbrev.
- ein tettare dialog mellom skule, næringsliv og politikarar for å kartlegge behova arbeidslivet har.
- Sette inn målretta tiltak som reduserer fråfall blant folk med funksjonsnedsettingar.
- Legge til rette skulebygga slik at fasilitetane ikkje er til hinder for dei som har funksjonsnedsettingar.
- Seie nei til etablering eller utviding av kommersielle privatskular.
- Halde fram med å investere betydeleg i nye og oppgraderte skulebygg for å fremje eit godt læringsmiljø, og for å støtte opp under by- og tettstadsutviklinga i fylket.
- Utstyr og læremiddel skal verte fornya og vere tilpassa til bruken av digitale verktøy og teknologi i arbeidslivet.
- Styrke vaksenopplæringstilbodet, særleg retta mot minoritetsspråklege.
- Arbeide for at dei med vaksenrett som søker ordinær vidaregåande opplæring skal få tilbod på lik linje med søkarar med ungdomsrett.

Levande byar og bygder

I 2025 vil Møre og Romsdal ha fleire eldre (65 år og eldre) enn unge (0-19 år). Trenden er at unge folk flyttar frå distrikta og til meir bynære strøk. Det er størst vekst i områda rundt dei fire største byane i landet. Den største veksten i befolkninga i Møre og Romsdal frem mot 2050 vil vere i og rundt dei største byene, medan distrikta vil få befolkningsnedgang. Dette gir auka moglegheiter for byane og fleire utfordringar for distrikta.

I Møre og Romsdal har menneske, bedrifter og kommunar ulike interesser basert på kvar vi bur. Vi har i dag ei hemmande konfliktlinje mellom regionane og mellom bygd og by innanfor regionane. For å lukkas med å utvikle Møre og Romsdal og for at heile fylket skal vekse må vi samle kreftene og lukkas med både nasjonal og regional distriktpolitikk.

I Møre og Romsdal er det særleg viktig å satse på den maritime næringa, fiskeri, havbruk, skipsindustri og reiseliv, med dei ringverknadane det også gir for andre næringar lokalt.

Dei ulike regionane i Møre og Romsdal skal få reiskap til å dyrke sine fortrinn og gi rom for vekst. Vi skal sjå det handlingsrommet som ligg i ulikskapane mellom by og land. Levande byar og bygder får vi berre dersom vi evnar å sjå korleis heile fylket kan utviklast og spele kvarandre gode. Med gode tenester og trygg teknologi skal vi ta i vare livskvaliteten til innbyggjarane i Møre og Romsdal.

Møre og Romsdal har eit rikt mangfald av kulturminner med historisk verdi, og byr på opplevingar i verdsklasse. Kultur gjer liva våre rikare og fylket meir attraktivt. Kultur skaper kreativitet bulyst, arbeidsplassar og eit grunnlag for næringsutvikling. I Møre og Romsdal er det store høve for å utvikle attraksjonar, opplevingar og friluftsliv. Vi vil gi eit kulturløft ved å styrke det profesjonelle miljøet, bygge opp om det frivillige og gjere idrett og kultur tilgjengeleg for alle.

Arbeiderpartiet vil at folk i heile fylket skal ha like høve til å leve gode liv og få gode tenester. Vi vil jobbe for eit samfunn bygget på tillit, tryggleik og det å høyre til og at ulikskapane mellom folk vert reduserte.

Møre og Romsdal Arbeiderparti vil:

- Skape arbeidsplassar i heile fylket.
- Gi alle innbyggjarane likeverdige tenester av høg kvalitet og bidra til utjamning av ulikskapane mellom by og land.
- Bidra til å realisere ambisjonane i Hurdalsplattformen om bygdvekst avtalar og regionvekstavgiftar i Møre og Romsdal.
- Styrke programmet for berekraftige byar og tettstadar.
- Etablere opne kontorfellesskap rundt om i fylket i samarbeid med kommunane for å sikre at gründerar, små bedrifter og de som arbeider andre stader har et godt tilbod.

- At fylkeskommunen skal vere meir synleg ute i distrikta, og aktivt kople saman ulike aktørar for å ivareta at lokale interesser og bidra til utvikling i alle deler av fylket.
- Bruke digitale løysingar og innovasjon for å få meir berekraftige lokalsamfunn, med vekt på å gi distrikta eit løft.
- Ta i vare verdifulle kulturminner, og finne nye høve for verdiskaping og formidling knytt til kulturarv.
- Støtte og utvikle det rike mangfaldet av museum i heile fylket.
- Sikre og bevare den immaterielle kulturarven
- Utvikle vidare den kulturelle skulesekken og den kulturelle spaserstokken, samt innføre kultursekken for barnehagane på nytt.
- Støtte frivillige lag og organisasjonar som bidreg til aktivitet og utvikling på kunst- og kulturfeltet.
- Tilby gratis leige i fylkeskommunale bygg til frivillige lag og foreiningar som organiserer unge.
- Arbeide for at tildelinga av spelemiddel frå staten til kulturarenaer vert kraftig auka.
- Støtte aktivt opp om det profesjonelle kunst- og kulturlivet, inkludert det rike festivaltilbodet rundt om i fylket.
- Bidra til realisering av nytt opera- og kulturhus i Kristiansund.
- Vidareføre kunstnarstipenda.
- Støtte opp om og vidareutvikle fylkeskommunen sin vedtekne kunstpolitikk.
- Legge til rette for at fleire profesjonelle kunstnarar etablerer seg i fylket.
- Vidareføre Kulturrabatt for ungdom.
- At fylkeskommunen skal fylle rollen som samfunnsutviklar og medspelar i utviklinga av kulturarenaer i kommunane, blant anna gjennom samlokalisering med fylkeskommunale tenester som eksempelvis planane med kulturhamna på sørsida i Ålesund, der det vert planlagt nye lokale for Ålesund Vidaregåande skule, kommunal kulturskule og lokalar for Teateret Vårt.
- Utvikle spill- og filmmiljø i fylket.
- Gi plass til fleire residensordningar for kunstnarar.
- Fullføre prosjektet Ørsta kompetanse- og kultursenter.
- Støtte etableringa av Norsk innovasjonssenter i Volda.

Trygg og funksjonell transport

Gode løysingar for samferdsle er viktig for å bygge fylket og folket tettare saman gjennom sterke bu- og arbeidsmarknadsregionar. Slik vert vi meir attraktive for folk som vil bu og leve sine liv her.

Vi flyttar oss dagleg mellom heim, skule, arbeid og fritidsaktivitetar. Nokon går eller sykklar, andre tek buss eller køyrer bil. For Møre og Romsdal Arbeiderparti er det viktig at folks daglege transportetappar er trygge, velfungerande og miljøvennlege.

Næringslivet og det offentlege er også avhengig av god infrastruktur som vegar og ferjer, buss og båt for å transportere varer, tenester og arbeidsfolk. Næringslivet er avhengig av gode og trygge transportårar ut av fylket.

Møre og Romsdal fylkeskommune har eit stort ansvar for at vi kjem oss fram gjennom svært mange fylkesvegar, bruer, tunnelar, ferjestrekningar, busstilbod og båtstrekningar. Trafikktryggleiken langs våre fylkesvegar er fylkeskommunes ansvar.

Møre og Romsdal Arbeiderparti vil:

- Prioritere vedlikehald av fylkesvegane for å redusere vedlikehaldsetterslepet ut frå viktighet for næringsliv, busetting og trafikktryggleik.
- Arbeide for at regjering og storting tar ansvar for vedlikehaldsetterslepet på fylkesvegane med auka tilskot.
- Arbeide for at regjeringa utvidar grensene for ferjesamband som er gratis.
- Halde fast på rekkefølga i vedtekne og prioriterte ferjeavløysingar.
- Bygge gang- og sykkelvegar slik at fleire vel å gå eller sykle, og slik fremme folkehelsa, trafikktryggleik og redusere klimagassutslepp.
- Arbeide for eit miljøvennleg og betra kollektivtilbod i heile fylket slik at fleire vel å reise kollektivt framfor å køyre privatbil.
- Utvikle kollektivtilbodet Fram Flexx vidare og tilby dette i fleire kommunar som eit supplement til ordinært busstilbod.
- Prioritere arbeidet med å få ned prisane på buss.
- At busstilbodet skal korrespondere betre med flytilbodet, slik at fleire vel buss framfor bil i forbindelse med flyreiser.
- Behalde den lave prisen på ungdomskortet og vidareføre tilbodet Heim for ein 50-lapp til ungdommen.
- Månadskort på Fram skal også gjelde på Vy buss
- Stimulere til eit tett samarbeid med kompetansemiljø og industrien for utvikling av ny og framtidsretta teknologi i samferdselssektoren.

- Arbeide for lengre nedbetalingstid for ferjeavløysings- og bompengefinansierte prosjekt som erstattar ferje- og båtstrekningar.
- Arbeide for at fylket sine prosjekt i Nasjonal Transportplan (NTP) vert realisert så raskt som mogleg. Ny teknologi må takast omsyn til ved revidering av NTP, for bl.a. å redusere kostnader og fremme optimale og framtidsretta løysningar.
- Prioritere hovudfartsårane for næringslivet ut av fylket (Eksportvegen Ålesund–Dombås og riksveg 15 Strynefjellet med arm til Geiranger).
- Arbeide for å fullføre E39 gjennom Batnfjord og E-39 Volda - Furene.
- Arbeide for at dei nasjonale turistveiene Atlanterhavsveien og Geiranger-Trollstigen vert oppgradert.
- Bidra til at bypakkane, med kollektivtiltak, blir realisert så raskt som mogleg.
- Ha meir godstransport frå veg til sjø gjennom å prioritere tiltak som stimulerer til dette, mellom anna gjennom god infrastruktur ved hamnene i fylket.
- Bidra til at Raumabanen vert utvikla vidare som alternativ for gods- og persontransport.
- Vere pådrivar for t hydrogen skal erstatte fossilt drivstoff for eksempel på Raumabanen og hurtigbåtar.
- Betre koordinering av kollektivtilbod for buss og ferje.
- Kollektivtransport på vatn skal vurderast å støttast på lik linje som kollektiv transport på land



Møre og Romsdal Arbeiderparti
Vedtatt av representantskapet 12.11.22